

Strategisk samarbeidsutval (SSU)  
i Helsefelleskapet i Bergensområdet

## Referat

<b>Møte</b>	2 - 2022
<b>Tid</b>	30. november 2022, kl. 14:00 – 17:00
<b>Stad</b>	Vardesenteret, Ibsens gate 118
<b>Til stades</b>	<p><b>Frå spesialisthelsetenesta</b> Hans Olav Instefjord, (Helse Bergen), Rebekka Ljosland, (Haraldsplass Diakonale sykehus), Grete Lill Hjartnes, (Helse Bergen, vara for Randi-Luise Møgster), Linn Bergsma, (Helse Bergen, vara for Anne Taule)</p> <p><b>Frå kommunane</b> Ørjan Raknes Forthun, (Nordhordland), Trond Egil Hansen, (Bergen kommune), Kjersti Nordanger (Voss lokalsjukehus område)</p> <p><b>Frå brukarorganisasjonar</b> Jan Elvøy (vara brukarrepresentant spesialisthelsetenesta), Bjørn Sivertsen (kommunal brukarrepresentant), Lars Jørgen Haugland,( Ungdomsrådet)</p> <p><b>Andre</b> Grete Wold (fastlege), Eystein Hauge (kommuneoverlege), Hilde Ystanes (KS) Bjørn Merete Hjallen (representant arbeidstakarorganisasjon)</p> <p><b>Frå Samarbeidssekretariatet (SSE):</b> Eirik Vestrheim, Reidun Braut Kjosås, Elena Sandgathe, Anne Hildegunn Færøy, Trude Hjortland og Anne Kvalheim</p>
<b>Ikkje møtt</b>	Randi-Luise Møgster (Helse Bergen), Anne Taule (Helse Bergen), Anders Hovland (De private ideelle psykisk helsevern), Mads Hagebø (Bergen kommune), Johnny Breivik (Bergensregionen), Ida Nordvik (brukarrepresentant spesialisthelsetenesta), Linn Kästel (SSE)
<b>Eksterne</b>	Beate Margrethe Huseby, fagdirektør Helsedirektoratet Marit Voltersvik og Hege Tønnesen, Medisinsk fagleg utval (MFU)
<b>Møteleiar</b>	Ørjan Raknes Forthun
<b>Referent</b>	Samarbeidssekretariatet

Saksnr	Sak
08/22	<p><b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b></p> <p><b>Vedtak</b> Innkalling og saksliste godkjent utan merknader</p>
09/22	<p><b>Godkjenning av referat frå 24.okt</b></p> <p><b>Vedtak</b> Referat godkjent utan merknader</p>

<p><b>10/22</b></p>	<p><b>Partnarskapsmøte 2023</b></p> <p>I oppstartsmøte for helsefelleskapet 16. september 2022, vedtok SSU at Partnarskapsmøte 2023 skal arrangerast 8. mars. Det var ikkje drøfta kven som skulle vere vertskap for møtet. SSU er programkomité for Partnarskapsmøte (Jf. Overordna samarbeidsavtale pkt. 5.1.3 og 5.2.1.).</p> <p>Kommentarar frå SSU:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det bør i tilrådinga frå SSE ikkje visast til «arbeidsutvalet» for SSU, sidan det p.t. ikkje er oppretta eit eige arbeidsutval for SSU. I staden bør det stå at SSU set ned ei arbeidsgruppe med leiar, nestleiar, brukarar og samarbeidssekretariatet og inntil to representantar frå arrangør.</li> <li>• Det vert foreslått å vidareføre modellen frå 2022 då Haraldsplass Diakonale Sykehus arrangerte Toppleiarmøtet saman med kommunane i Nordhordland.</li> <li>• Bergen kommune tar gjerne ansvar for å arrangere Partnarskapsmøtet og inviterer i møtet med Helse Bergen som med-arrangør. Helse Bergen takker for invitasjonen og vil forankre dette internt før ei endeleg tilbakemelding vert gitt.</li> </ul> <p>Innspel frå SSU til programmet for Partnarskapsmøtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva veit vi om korleis samhandlingsreforma har påverka tenestane? Kva fins av kunnskap/forskning som kan presenterast på Partnarskapsmøtet? Det ble vist til nettverksmøtet for helsefelleskapa 26.08.22 der dette var tema.</li> <li>• Det nasjonale læringsnettverket <a href="#">Gode pasientforløp</a> i regi av Folkehelseinstituttet og KS</li> <li>• Programmet må synleggjøre bestillinga frå sentrale myndigheiter til helsefelleskapa om prioritering av dei fire målgruppene.</li> <li>• Felles Handlingsplan 2023</li> <li>• Ressurs- og økonomisituasjonen må adresserast</li> <li>• Pasient- og pårørandeperspektivet; knytt til <i>Kva er viktig for deg?</i></li> <li>• Ungdomsrådets hjertesaker; sårbare overgangar og barn som pårørande</li> <li>• Status på ny Nasjonal helse- og samhandlingsplan</li> <li>• Konsekvensar og effektar av samhandlingsreforma (tips til foredragsholdar: Anders Grimsmo)</li> </ul> <p><b>Vedtak</b></p> <p>SSU støtter samarbeidssekretariatet si tilråding i saka med følgande merknader:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bergen kommune inviterer Helse Bergen til å være med-arrangør for Partnarskapsmøtet 2023. Helse Bergen takkar for invitasjonen, og kjem snarleg med ei tilbakemelding til Bergen kommune.</li> <li>• SSU kan óg kome med innspel til programmet i etterkant av møtet 30.11.22.</li> </ul>
<p><b>11/22</b></p>	<p><b>Årleg gjennomgang av avtaleverket</b></p> <p>Samarbeidssekretariatet presenterte saksgrunnlaget med forslag til vedtak.</p> <p>Kommentarar og innspel frå SSU:</p> <p>Ambisiøst å få til alt som er inkludert i vedtaket. Implisitt i <i> vurdering </i> av avtaleverket ligg også ein <i> prioritering </i>, verdt å tydeleggjere dette, då dette er ein stor jobb.</p> <p><b>Vedtak</b></p> <p>Strategisk samarbeidsutval sluttar seg til samarbeidssekretariatet si tilråding i saka.</p>

12/22	<p><b>Felles handlingsplan 2022 og 2023</b></p> <p>Samarbeidssekretariatet presenterte saksgrunnlaget med forslag til vedtak.</p> <p><b>Innspel frå SSU</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kan vi einast om mål for arbeidet i Strategisk samarbeidsutval?</li> <li>• Dei fire prioriterte målgruppene må omtalast spesifikt og målsettingar må spissast.</li> <li>• Partnerskapsmøtet er ein del av helsefellesskapsstrukturen og treng ikkje stå som eige punkt i handlingsplanen.</li> <li>• Tiltaket knytt til styringsdata; bør ambisjonsnivået endrast frå å <i>utvikle</i> til å <i>nytte</i> styringsdata?</li> <li>• Digital samhandling bør fortsatt stå på felles handlingsplan, men må inkludere meir enn digital heimeoppfølging (som i følge <a href="#">rapport frå Folkehelseinstituttet</a> har svak evidens)</li> <li>• Vi må komme bort frå at psykisk helse og rus kjem som nr. 2 på lista, etter somatisk sektor, når tiltak skal settast i verk. Vi kan med fordel heller sjå på dette samtidig og i heilskap.</li> <li>• Når det gjeld tiltakspunkt for samarbeid om handtering av pandemiar er kanskje det viktigaste at vi ser framover og har fokus på kva vi kan gjere betre neste gong</li> <li>• Kan det være en idé å kople målsetting med e-læringskurs om inn- og utskrivning til dei fire prioriterte målgruppene?</li> <li>• Handlingsplanens format (lay-out) må endrast blant anna for å synleggjere dei fire prioriterte målgruppene. Det må blant anna kunne være punkter på planen som er langsiktige, eks. over 4-5 år.</li> <li>• Det er avgjerande å få avgjersler i Strategisk samarbeidsutval for at arbeidet i helsefellesskapet heng saman og for at oppdraget til OU'ene skal bli tydeleg. Dette må bli prioritert om helsefellesskapsstrukturen skal fungere etter intensjonane.</li> <li>• Kan data frå Samhandlingsbarometeret vere nyttige å ta i bruk? Det må setjast av tid til god drøfting av relevant analysegrunnlag i februar møtet.</li> </ul> <p><b>Vedtak</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. SSU tar SSe sin status for arbeidet med handlingsplan 2020 til orientering.</li> <li>2. SSU har gitt innspel til felles handlingsplan for 2023 (sjå over) og ber SSe legge fram nytt utkast til Felles handlingsplan i februar 2023.</li> </ol>
13/22	<p><b>Retningsline for deltaking og representasjon</b></p> <p>Samarbeidssekretariatet presenterte saksgrunnlag og forslag til vedtak.</p> <p><b>Vedtak</b></p> <p>Strategisk samarbeidsutval sluttar seg til dei endringar som er gjort i utkast til Retningsline for deltaking og representasjon i helsefellesskapet, og godkjenner retningslina slik den føreligg.</p> <p>SSU ber samarbeidssekretariatet bidra til at retningslina vert gjort kjent hos samarbeidspartnarane og representantane i helsefellesskapet, samt å publisere retningslina på <a href="http://www.saman.no">www.saman.no</a></p>
14/22	<p><b>Namn på helsefellesskapet</b></p> <p><b>Vedtak</b></p> <p>Strategisk samarbeidsutval vedtek at helsefellesskapet i Helse Bergen føretaksområde får namnet <i>Helsefellesskapet i Bergensområdet</i></p>

15/22	<p><b>Medisinskfagleg utval (MFU) - mandat, rolle og funksjon</b>  Hege Tønnesen (leiar MFU) og Marit Voltersvik (nestleiar MFU) orienterte om saka.</p> <p>Sjå vedlagde presentasjon.</p> <p>Leiar og nestleiar av MFU legg fram utvalets behov for ei tydlegare rolle og eit tydelegare mandat tilpassa ny helsefelleskapsstruktur. MFU foreslår at leiar/ nestleiar kan delta, eksempelvis i 15 min. i dei komande SSU møta (Medisinskfagleg kvarter!) for å synleggjere MFU som eit rådgjevande organ med brei medisinskfagleg kompetanse.</p> <p><b>Konklusjon:</b>  SSU får framlagt revidert mandatutkast til godkjenning når dette føreligg.</p>
16/22	<p><b>Styringsinformasjon til Helsefelleskapa</b>  Presentasjon ved Beate Margrethe Huseby, fagdirektør i Helsedirektoratet.</p> <p>Sjå vedlagde presentasjon.</p>
17/22	<p><b>Møteplan 2023</b></p> <p><b>Vedtak</b>  Møteplan 2023 er godkjent.</p>
18/22	<p><b>Prosess for samarbeid med kommunane om moglege endringar i ambulansetenesta som følge av foreslått budsjettnedtrekk i Helse Bergen</b></p> <p>Orientering frå Helse Bergen v/Grete Lill Hjartnes.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Budsjettet for Helse Bergen skal vedtakast i styret 21.desember</li> <li>- Alle einingar arbeider med å vurdere økonomisk ramme, tenestetilbod og risiko ved tiltaka som er diskutert</li> <li>- Eit tiltak som vert diskutert og utreda, er endring på ambulansetilbodet i Knarvik og Øygarden, samt ei eventuell avvikling av pilotprosjektet knytt til ambulanse/legebil i Voss herad</li> <li>- For å kunne sjå på risiko og eventuelle risikoreduserande tiltak i tett dialog med kommunane, så er det invitert til møte i alle dei 4 underutvala for akuttmedisin og beredskap (UFAB) i starten av desember</li> <li>- Helse Bergen ønsker å ta imot alle innspel og kommentarar og vil gjere ei heiskapeleg vurdering basert på både risikovurdering og innspel</li> </ul> <p>Innspel frå SSU;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det viktige er kva ambulansetenesta klarer å levere, ikkje kor mange bilar som er i aktivitet. Ved vesentlig reduksjon vil det kunne få konsekvensar for pasienten. Spørsmålet er om dette forslaget ligg i segmentet “oppgåveoverføring til kommunane”?</li> <li>• Tenesteavtale 11 og akuttmedisinforskrifta viser til oppgåver som kommunar og spesialisthelseteneste har felles. Ingen stader i medisinen at det så mykje overlappende av ansvar som i akuttmedisinen. Derfor må ein vere ekstra varsam på dette området.</li> <li>• Vi må drøfte korleis vi skal handtere situasjonar der ein av partane planlegg endringar som kan få konsekvensar for andre. Det er av stor strategisk tyding for</li> </ul>

	<p>samarbeidet når ein av partane aukar/reducerer kapasiteten i tenestetilbod; lager nye/tek bort tilbod.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Viktig å involvere kvarandre. Korleis sikre at vi tar dei rette diskusjonane på dei rette arenaene til riktig tid?</li> <li>• Forslag: Om SSU har møte tidleg på hausten så kan partane legge eventuelle planar om endringar i tenestetilbod på bordet i dette møtet og drøfte mulige konsekvensar av forslag til nedtrekk i budsjett og/eller endringar i tenestetilbodet.</li> </ul>
<b>19/22</b>	<p><b>Eventuelt</b> Ingen saker til eventuelt</p>